

## Vikane planstatus



**Figur 1** Vikane AK-område (rosa) i kommuneplanens arealdel med ytterpunkt omsøkt anlegg (raudt omriss), ytterpunkt fortøyingar (grå liner) og forflåte (grønt punkt). (fiskeridir.no) Overflateanlegget med anleggsramme og forflåte ligg innanfor areal sett av til akvakultur. Fortøyingar vil gå inn i areal sett av til fleirbruk, fiske og kombinert fleirbruksområde og akvakultur.

Føresegner: Kommuneplanens arealdel 2018-2030 Masfjorden kommune:

### **5.3.1 Fleirbruksområde for (natur- og friluftsliv, ferdsle, farleier og fiske) bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner, plan- og bygningslova § 11-7 nr 6**

Føremålet er fleirbruksområde for natur- og friluftsliv, ferdsle, farleier og fiske, kvar for seg eller i kombinasjon.

I desse områda er det ikkje tillete å føre opp flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup varmpumper, straum- og telenett, jf pbl § 11-11 nr 3.

For alle tiltak i sjø skal det innhentast samtykke får Havnemynde i kommunen. Langs farleier må tiltak handsamast av Kystverket.

### **5.3.4 Område for fiske**

Føremålet er område for fiske.

Tradisjonelt fiske vert ikkje pålagt restriksjonar utan samråd med fiskeristyresmaktene, jf pbl § 11-11 nr 3.

### **5.3.7 Område for akvakultur**

Føremålet er oppdrettsområde.

Det er plankrav til områda AK-01, AK-02 og AK-06 ved søknad om endringar i akvakulturlovyve knytt til auke i biomassen innanfor desse områda.

Andre søknader om tiltak / inngrep på eller i nærleiken av områda, skal leggjast fram for aktuell mynde for uttale, før vedtak vert fatta jf pbl § 11-11 nr 3.

For områda Bergsvik (Ak15) og Barlingebotn (Ak16) skal det vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten (lukka anlegg) (pbl § 11-9, nr 6).

### **5.3.8 Område for kombinert fleirbruksområde og akvakultur**

Føremålet er fleirbruksområde for natur- og friluftsliv, ferdsle, fiske og akvakultur.

Tiltak eller inngrep knytt til eksisterande anlegg er tillate så langt det er naudsynt for å sikre forsvarleg drift.

Føresegner Alver kommune, kommunedelplan Lindås KPA 2019-2031:

## **3.5. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL. §§ 11-7 NR. 6 OG 11-11)**

### **3.5.1. GENERELT**

Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg.

Areal avsett til hovudføremålet kan utnyttast i samsvar med dei aktuelle underføremåla med unntak av akvakultur, småbåthamn og småbåtanlegg, jf. pbl. §§ 11-7, 3. ledd, 11-9 og 11-11.

Hovudføremål og underføremål er ikkje til hinder for naudsynt forøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum og telenett, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.